



Programmet tar ikke opp nye studenter

# Studieplan for Norsk 3 (30 studiepoeng) (2007–2008)

## Fakta om programmet

**Studiepoeng:** 30

**Studiets varighet:** 1 år

**Undervisningsspråk:** Norsk

**Studested:** Høgskolen i Østfold

## Kontakt

Avdeling for lærerutdanning

## Innholdsfortegnelse

- Oppbygging og gjennomføring
- Studieplanen er godkjent og revidert
- Studiemodell

## Oppbygging og gjennomføring

### Studiets oppbygging og innhold

Norsk 3 er bygd opp av to emne som kvar er på 15 studiepoeng:

- Norsk 301 *Litteratur* (hautsemesteret)
- Norsk 302 *Språk* (vårsemesteret)

Det faglige innhaldet i emna Norsk 301 og 302 vil kunne variere frå år til år, men ein vil heile tida prøve å sjå norsk i eit internasjonalt perspektiv. Val av emne vil bli presentert for studentane i god tid før studieåret byjar. Studiet krev òg at studentane syner ei fagleg-vitskapeleg haldning til stoffet. Studentane skal gjennom studiet dokumentere solid dugleik i praktisk bruk av både bokmål og nynorsk.

### Internasjonalt aspekt

I Norsk 3 legg ein vekt på det nordiske perspektivet, og ein prøver derfor å få til ein studietur til eitt av dei nordiske landa.

I emnet Norsk 301 *Litteratur* er store delar av litteraturteorien henta frå franske, russiske og engelske teoretikarar. Fordjupingsemnet vil ofte vere norske forfattarar med eit sterkt internasjonalt omdøme eller andre emne der litteratur frå andre språkområde vil ha ein omfattande plass.

I emnet Norsk 302 Språk behandler vi språkforholda i Norden, internordisk språkforståing og grannespråksundervisning. Omsetting er eit eige tema i emnet. Om lag halvparten av pensumlitteraturen på Norsk 302 handlar om språkkontakt og to- og fleirspråklegheit.

Vi har ei utvekslingsavtale med svenskseksjonen ved Högskolan Väst som held til i Vänersborg/Uddevalla.

### **Likestillingsaspekt**

I sosiolingvistikkjen og i språkdidaktikken er språk og kjønn eit tema. Språk og kjønn blir særleg tematisert i samband med temaet 'ungdomsspråk'.

## **Organisering og læringsformer**

Eigen aktivitet frå studentane står i fokus, og lærarane ved studiet fungerer som rettleiarar og rådgjevarar. Studentane vil også møte nytt fagstoff gjennom meir tradisjonell undervisning.

Vi nyttar IKT som eit praktisk arbeidsverktøy i undervisninga gjennom nettkonferanse, kommunikasjon mellom studentar og lærarar, og mykje av arbeidsstoffet til undervisninga er elektronisk basert.

Arbeidet med fagartiklar som skal skrivast vil i særleg grad krevje at studentane nyttar dei tilboda biblioteket kan gi.

### **Studietur**

Ein eventuell studietur vil vere frivillig. Varigheit er ca ei veke og studentane må rekne med nokre kostnader sjølv om studieturane blir støtta økonomisk.

### **Arbeidskrav**

Studentane skal ha minst to rettleiingstimar med faglærarane i samband med fagoppgåvene som skal skrivast i kvart emne. Arbeidskrav må være godkjent før studentane kan framstilla seg til eksamen. Se den einskilde emneskildring for fleir detaljar.

## **Praksis**

For allmennlærarstudentar gjeld eigen praksisplan. Andre studentar skal ikkje ha praksis.

## **Tilbakemelding underveis**

I arbeidet med semesteroppgåvene vil studenten gjennom samtalar med faglærar kunne finne ut om læringsmåla blir nådde.

## **Vurdering**

Begge emna har to deleksamenar:

1. ei semesteroppgåve i form av ein fagartikkel, som er ei heimeoppgåve det blir arbeidd med gjennom heile semesteret.
2. ein munnleg eksamen

Dei to deleksamenane innan kvart emne har same vekting og er uavhengige av kvarandre. Dei to delkarakterane blir til slutt slegne saman til éin karakter. Kandidaten blir til slutt ståande med to karakterar - éin i Norsk 301 og éin i Norsk 302. Kandidatane skal bruke ulik målform i dei to fagartiklane.

Prestasjonen på dei to emna på Norsk 3 blir vurdert ut frå éin karakterskala frå A til F. A er beste karakter, E er dårligaste beståtte karakter og F betyr *Ikke bestått*. Dersom éin ønskjer å betre karakteren i eit emne må begge deleksamenar avleggjast må nytt.

## **Litteratur**

Pensum for dei to emna på Norsk 3 finn ein under dei ulike emneskildringane.

## Studieplanen er godkjent og revidert

### Studieplanen er godkjent

Eystein Arntzen 5. juni 2007

## Studiemodell

Denne studiemodellen har en ny utforming. [Fortell oss hva du synes om den](#)

Høst 2007

Obligatoriske emner Norsk 3. Høst 2007

LU301NOR07 Norsk 301: Litteratur	15 stp
-------------------------------------	--------

Vår 2008

Obligatoriske emner Norsk 3. Høst 2007

LU302NOR07 Norsk 302: Språk	15 stp
--------------------------------	--------

---

Sist hentet fra Felles Studentsystem (FS) 25. okt. 2021 03:06:00

# LU301NOR07 Norsk 301: Litteratur (Høst 2007)

## Fakta om emnet

**Studiepoeng:** 15

**Ansvarlig avdeling:** Avdeling for lærerutdanning

**Undervisningsspråk:** Norsk

**Varighet:** ½ år

## Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Forkunnskapskrav utover opptakskrav
- Undervisningssemester
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamens
- Litteratur

## Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Emnet inngår i Norsk 3 (obligatorisk).

## Forkunnskapskrav utover opptakskrav

Studieeinga Norsk 3 krev at studentane har forkunnskapar i Norsk 1 + 2 eller tilsvarande. Ein kan ta Norsk 3 samstundes med Norsk 2, men ein vil ikkje få utskrift av karakterane frå Norsk 3 før ein har bestått Norsk 2.

## Undervisningssemester

Haustsemesteret

## Innhold

Norsk 301 er eitt litterært emne som er bygd opp av tre delar:

---

- studium av litteraturvitenskapelig teori og metode
    - temastudium i litteratur
  - individuell, sjølvvald oppgåve i litteratur. Innholdet i denne oppgåva skal normalt vere knytt til innholdet i det litterære temastudiet.
- 

Det faglege innholdet i dette emnet vil variere frå studieår til studieår, men er for tida Henrik Ibsens forfattarskap.

## **Undervisnings- og læringsformer**

Eigen aktivitet frå studentane si side står i fokus, og lærarane ved studiet fungerer som rettleiarar og rådgjevarar. Men studentane vil også møte nytt fagstoff gjennom meir tradisjonell undervisning.

Studentane skal i løpet av studiet skrive ei semesteroppgåve i form av ein fagartikkel på om lag 20 sider. Oppgåva skal leverast ved slutten av semesteret og fungerer som eksamenssvar. Studentane skal ha minst to obligatoriske rettleiingar av faglærar i samband med oppgåveskrivinga, og faglærar skal godkjenne temaet for oppgåva.

## **Praksis**

For allmennlærarstudentar gjeld eigen praksisplan. Andre studentar skal ikkje ha praksis.

## **Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen**

For å kunne framstille seg til eksamen må ein ha hatt minst to rettleiingar hos faglærar.

## **Eksamens**

Eksamen består av to delar:

---

### **a) Semesteroppgåve.**

Semesteroppgåva skal ha form som ein fagartikkel

Formelle krav: Semesteroppgåva skal ha eit omfang på ca 20 sider med skriftstorleik 12 punkt (tilsvarende fonten Times New Roman eller liknande), linjeavstand 1½. Målforma er valfri, men kandidaten må bruke ulike målformer på eksamen i Norsk 301 og 302. Temaet for fagartikkelen skal vere knytt til eitt av emneområda i Norsk 301.

### **b) Munnleg prøve.**

Prøva er på totalt ca. 45 minutt inkludert karakterfastsetjing og tilbakemelding.

Ved eksaminasjonen kan kandidaten bli prøvd i alle delar av pensum i tillegg til innhaldet i semesteroppgåva.

---

Dei to prøvene blir vurderte av ein ekstern og ein intern sensor. Ved vurderinga vil det i tillegg til det faglege innhaldet òg bli lagt vekt på kvaliteten på den språklege dugleiken.

Det blir sett separate bokstavkarakterar på prestasjonane på dei to prøvene, og den endelege karakteren i emnet blir rekna ut etter eintabell. Dei to prøvene er jambyrdige i vektinga.

## Litteratur

A) Tekstar:

---

10 verk av Henrik Ibsen med hovudvekt på skodespela frå 1877 og seinare.

---

B) Dramateori:

---

Helleland, Wærp: *Å lese drama*, Universitetforlaget 2005

Hemmer, Bjørn: *Ibsen - kunstnerens vei*, Vigmostad 2003

George Bernhard Shaw: *The Quintessence of Ibsensim*; kpt I - III (s. 1- 22); Dover Publications, New York, 1994 eller seinare.

---

C) Generell litteraturteori

---

Einar Eggen: *Metafor og metonymi* (i kopi frå norskseksjonen)

Roland Barthes: *Lysten ved teksten*, Solum 1998

Victor Sjklovskij: 'Kunsten som grep', I: Kittang, Atle: *Moderne litteraturteori*, Universitetsforlaget 1991  
eller seinare

---

---

Sist hentet fra Felles Studentsystem (FS) 25. okt. 2021 02:45:05

# LU302NOR07 Norsk 302: Språk (Vår 2008)

## Fakta om emnet

**Studiepoeng:** 15

**Ansvarlig avdeling:** Avdeling for lærerutdanning

**Undervisningsspråk:** Norsk

**Varighet:** ½ år

## Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Forkunnskapskrav utover opptakskrav
- Undervisningssemester
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamenskrav
- Litteratur

## Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Emnet inngår i Norsk 3 (obligatorisk).

## Forkunnskapskrav utover opptakskrav

Studieeininga Norsk 3 krev Norsk 1 + 2 eller tilsvarende. Ein kan ta Norsk 3 samstundes med Norsk 2, men ein vil ikkje få utskrift av karakterane frå Norsk 3 før ein har bestått Norsk 2.

## Undervisningssemester

Vårsemesteret

## Innhold

Norsk 302 er eitt språkleg emne som er bygd opp av tre delar:

- studium av språkteori og metode
- temastudium i språk
- ei individuell, sjølvvald oppgåve i språk. Innhaldet i denne oppgåva skal normalt vere knytt til innhaldet i det språklege temastudiet.

Det faglege innhaldet i denne modulen vil kunne variere fra studieår til studieår.

## Undervisnings- og læringsformer

Eigen aktivitet frå studentane si side står i fokus, og lærarane ved studiet fungerer som rettleiarar og rådgjevarar. Men studentane vil òg møte nytt fagstoff gjennom meir tradisjonell undervisning.

Studentane skal i løpet av studiet skrive ei semesteroppgåve i form av ein fagartikkkel på om lag 20 sider. Oppgåva skal leverast ved slutten av semesteret og fungerer som eksamenssvar. Studentane skal ha minst to obligatoriske rettleiingar av faglærar i samband med oppgåveskrivinga, og faglærar skal godkjenne temaet for oppgåva.

## Praksis

For allmennlærarstudentar gjeld eigen praksisplan. Andre studentar skal ikkje ha praksis.

## Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen

For å kunne framstille seg til eksamen må ein ha hatt minst to rettleiingar hos faglærar.

## Eksamensplan

Eksamen består av to delar:

---

### a) Semesteroppgåve.

Semesteroppgåva skal ha form som ein fagartikkkel

Formelle krav: Semesteroppgåva skal ha eit omfang på ca 20 sider med skriftstorleik 12 punkt (tilsvarande fonten Times New Roman eller liknande), linjeavstand 1½. Målforma er valfri, men kandidaten må bruke ulike målformer på eksamen i Norsk 301 og 302. Emnet for fagartikkelen skal vere knytt til eitt av emneområda i Norsk 301.

### b) Munnleg prøve.

Prøva er på totalt ca. 45 minutt inkludert karakterfastsetjing og tilbakemelding.

Ved eksaminasjonen kan kandidaten bli prøvd i alle delar av pensum i tillegg til innhaldet i semesteroppgåva.

---

Prøvene blir vurderte av ein ekstern og ein intern sensor. Ved vurderinga vil det i tillegg til det faglege innhaldet òg bli lagt vekt på kvaliteten på den språklege dugleiken.

Det blir sett separate bokstavkarakterar på prestasjonane på dei to prøvene, og den endelege karakteren i emnet blir rekna ut etter eintabell. Dei to prøvene er jambyrdige i vektinga.

## Litteratur

Pensumet varierer frå år til år, og pensumlista vil ligge føre ved studiestart.

---

Sist hentet fra Felles Studentsystem (FS) 25. okt. 2021 02:45:23